


Årsrapport 2018

Hardangervidda Fjelloppslyn



FJELLOPPSYNET er oppretta med heimel i Fjelleva og har sitt hovudvirke på statsallmenningane og skal:

- Forebygge miljøkriminalitet og bidra til at offentlegrettslege reglar blir helde.
- Drive informasjon, tilrettelegging, skjøtsel, naturovervaking/registrering og kontroll. Fjelloppsynet skal prioritere forebyggande verksemd.
- Sjå til at grunneigar og rettshavar sine privatrettslege reglar blir helde.
- Medverke til ein berekraftig bruk av statsallmenningane og sikre viktige lokale og nasjonale samfunnsinteresser i områder der staten som grunneigar har eit spesielt ansvar.

(Jmf. instruks for fjelloppsyn godtkjent av Statskog og gitt i samråd med Statens naturoppsyn og Politiet)

Fjelloppsynet er tildelt avgrensa politimyndigheit og samarbeider med Politiet, Statens naturoppsyn, Statskog og vernemyndigheitene.

Hardangervidda Fjelloppsyn

Fjellstyra på Hardangervidda as (FH)

Hovudkontor:

Kvinnegardslie 451, 3570 Ål

Tlf: 90213630

E-post: hardangervidda.fjelloppsyn@fjellstyrene.no

Heimeside: www.hardangervidda-fjellstyra.no

Forord

Med denne årsmeldinga ynskjer me å gi ei kortfatta oversikt over aktiviteten til Hardangervidda Fjelloppsyn i 2018.

Fjelloppsynet er ei allsidig verksemd der kjerneoppgåver er oppsyn, informasjon og ulike former for skjøtsel i verneområda. Vidare bistår fjelloppsynet fjellstyra med å halde i stand fjellstyrehusværa i statsallmenningane og deltek i skjøtselstiltakt for forvaltning av vilt og fisk. Sekretærarbeid og dagleg drift av fjellstyrekontor er også sentrale gjeremål for dei tilsette i fjelloppsynet. Til sist bistår fjelloppsynet forskings- og forvaltningsinstitusjonar med innsamling av naturfaglege data. Samla aktivitet utgjorde 4,1 årsverk i 2018

Arbeidet til fjelloppsynet er finansiert av fjellkassene til fjellstyra på Hardangervidda og statlege middel over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett gjennom Statskog si refusjonsordning for arbeid i statsallmenningar. Vidare er det tilført middel frå Klima og miljøverndepartementet sitt budsjett gjennom tenestekjøpsavtale med Statens naturoppsyn. Noko av arbeidet er betalt av Uni Resarch as, Norsk institutt for naturforskning, Norges vassdrags- og energidirektorat og NIVA.

Fjelloppsynet er tildelt avgrensa politimyndigheit innan miljølovverka i Sørøst- og Vest politidistrikt og samarbeider tett med politiet og Statens naturoppsyn.

Me vil takke oppdragsgjevarane og andre kontaktar for samarbeidet i året som har gått.

Mars 2019

Sveinung Olsnes /s/
Fungerande Dagleg leiar

1. Oppsynsarbeid	5
1.1 Jakt	5
1.2 Fiske	5
1.3 Motorferdsel	5
1.4 Reaksjonsstatistikk	6
1.5 Kulturminner	6
1.6 Naturvernområder	6
1.7 Registrering av bygningar og andre objekt.....	7
1.8 Tilsyn med nye tiltak i nasjonalparken.....	7
2. Fjellredningsarbeid	7
3. Informasjonsarbeid	7
3.1 Generelt	7
3.2 Informasjonsarbeid på Tinnhølen og Haukelisetet.....	8
3.3 Heimeside.....	8
4. Rekrutteringsarbeid	8
4.1 Generelt.....	8
4.2 Fjellhelg for born og ungdom.....	9
5. Registreringsarbeid	9
5.1 Registrering av villrein – Rv 7	9
5.2 Strukturtelling av villrein	9
5.3 Registrering av aktivitet på fjellrevhi m.m.	9
5.4 Tilsyn med foringsautomatar for fjellrev	9
5.5 Vatnprøver.....	10
5.6 Temperaturloggerar.....	10
5.7 Rovviltkontaktarbeid	10
5.8 Registrering av jerv	10
5.9 Snømålingar.....	10
5.10 Oppsetjing av ferdselsteljerar.....	10
5.11 Databaser for naturfaglige registreringar og registreringar i verneområder.	11
6. Skjøtselsarbeid	11
6.1 Skilting	11
6.2 Renovasjon.....	10
6.3 Skjøtselsarbeidet for fjellstyra.....	12
7. Sekretariat	12
8. Organisasjonen	12
8.1 Generalforsamling	12
8.2 Styre og Fjellopsynsutval	13
8.3 Tilsette	13
Vedlegg 1 Totaloversikt over utført arbeid	13
Vedlegg 2. Spesifikasjon av arbeid for fjellstyra	13
Arbeid for Røldal fjellstyre	14
Arbeid for Ulvik fjellstyre	15
Arbeid for Ullensvang fjellstyre.....	14
Arbeid for Odda fjellstyre	16
Arbeid for Øvre Numedal fjellstyre	17
Arbeid for Rauland fjellstyre.....	20
Arbeid for Eidfjord fjellstyre.....	21
Vedlegg 3. Spesifikasjon av arbeid for Statens naturoppsyn	22

1. Oppsynsarbeid

1.1 Jakt

Villreinjakt

Tilsette i Hardangervidda Fjelloppsyn har hatt høg aktivitet under villreinjakta på Hardangervidda i 2018. Arbeidet var samordna med Politiet og Statens naturoppsyn. Det er laga ein særskild rapport for villreinjaktoppsynet. Ved sidan av ordinær kontroll- og informasjonsarbeid, var det fokus på rettleiing av jegerane om prøvetaking frå felte dyr for undersøking av CWD-sjukdom. Oppsynet organiserte også innsamling av kjevar frå villrein under jakta.

Småviltjakt

I 2018 vart det opna opp for rypejakt i statsallmenningane på Hardangervidda etter at fleire Fjellstyre hadde freda i lengre tid. Det vart utført oppsyn med jakta.. Jakt på anna småvilt er og tillat, men synast å ha eit lite omfang.



Dyra gjekk svært spreidd i jakta 2018. Foto: HF, Sveinung Olsnes.

1.2 Fiske

Fjelloppsynet har kontrollert fiske med stong og garn. Fjelloppsynet møter fiskarar på ulike deler av vidda og fiskekort blir kontrollert. I 2018 var det sett av særskild tid til kontrollar i alle statsallmenningane.

1.3 Motorferdsel

Fjelloppsynet har delteke på særskilde kontrollar retta mot motorferdsel i utmark. Aktiviteten i 2018 føregjekk i Tinn, Vinje, Seljord, Eidfjord, Ulvik, Ullensvang, Odda, og Voss. Sommarstid er det gjennomført kontrollar med bilar og traktorar i og utanfor nasjonalparken ved Tinnhølen og etter godkjende sleper i Nore og Uvdal, Eidfjord og Ullensvang.

1.4 Reaksjonsstatistikk

Tabell 1. Antall kontrollerte

	Antall kontrollerte						
	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Motorferdsel	64	95	63	70	32	46	39
Småviltjegerar	11	5	14	0	5	1	9
Storviltjegerar	59	103	137	82	96	75	101
Fiskarar	11	21	57	17	31	58	53
Vernereglar	5	18	10				
SUM	150	242	281	174	164	181	202

Tabell 2. Antall advarslar og anmeldelsar

Tema	Antall advarslar					Antall anmeldelsar				
	2018	2017	2016	2015	2014	2018	2017	2016	2015	2014
Motorferdsel	6	1		3		5	2	8	9	6
Småviltjegerar		1						4		
Storviltjegerar		4		3	7	1		1	1	2
Fiskarar						1		1	2	
Bandtvang	2	2	1			0				
Vernereglar	3	1						1		
SUM	11	9	1	6	8	7	2	15	12	8

1.5 Kulturminne

Fjellopsynet har helde generelt tilsyn med kulturminne i nasjonalparken.

1.6 Naturvernområde

Fjellopsynet har helde oppsyn med at vernereglane blir fylgd for Hardangervidda nasjonalpark, deler av Hallingskarvet nasjonalpark samt tre landskapsvernområde.

Tabell 3. Naturvernområde der Hardangervidda Fjellopsyn har utført arbeid i 2018

Verneområde i Telemark:	Kommunar
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Vinje og Tinn</i>
<i>Møsvatn Austfjell landskapsvernområde</i>	<i>Vinje/Tinn</i>
<i>Brattefjell Vindeggen landskapsvernområde</i>	<i>Vinje/Hjartdal/Tinn</i>
Verneområde i Hordaland	Kommunar
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Eidfjord, Ullensvang, Odda</i>
<i>Hallingskarvet nasjonalpark</i>	<i>Ulvik</i>
<i>Skaupsjøen-Hardangerjøkulen landskapsvernomr.</i>	<i>Eidfjord og Ulvik</i>
Verneområde i Buskerud	Kommunar
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Hol, Nore og Uvdal</i>
<i>Skaupsjøen-Hardangerjøkulen landskapsvernomr.</i>	<i>Hol, Nore og Uvdal</i>

1.7 Registrering av bygningar og andre objekt

Bygningar og faste installasjonar som skilt mm i nasjonalparken er koordinatfesta og lagt inn med mål og foto i miljøforvaltninga sin verneområdelogg.



Oppmåling av bygningar i nasjonalparken 2018. Foto: HF, Georg Gjøstein.

1.8 Tilsyn med nye tiltak i nasjonalparken

Det er utført tilsyn med tiltak der det er gjeve løyve frå forvaltningsmyndigheitene for nasjonalparken. Dette er i hovudsak tilsyn med nybygg og ombygging av eksisterande bygningar.

2. Fjellredningsarbeid

Det har vore gjeve bistand til politiet i to leiteaksjonar under villreinjakta.

3. Informasjonsarbeid

3.1 Generelt

Der er ei prioritert oppgåve for fjelloppsynet å formidle informasjon til publikum. Samla er det gjeve informasjon til 739 personar i samband med feltaktiviteten til fjelloppsynet. I den daglege drifta av fjellstyrekontor er det også gjeve informasjon til eit stort tal personar, men dette er ikkje talfesta.



Fjellopsynet og NVE på snømåling på Hardangervidda. Foto: HF, Sveinung Olsnes

3.2 Informasjonsarbeid på Tinnhølen m.m.

Arbeidet med informasjonsarbeid sommarstid ved sentrale innfartsområder til vidda vart vidareført. Dette året føregjekk arbeidet i samband med «Monsen på tur», samt 4 dagsverk under Røldalsmarknaden. Det vart gjeve informasjon om mange tema der fiske, ruteforslag, parkering, camping, padling, sykling og dyreliv var gjengangarar. Arbeidet vart utført i kombinasjon med oppsynsarbeid og skjøtsel.

3.3 Heimeside

Fjellopsynet har ajourført heimesida til Fjellstyra på Hardangervidda as (FH). Det har vore kontaktinformasjon og nokre artiklar frå den lokale forvaltninga på Hardangervidda. Heimesida vert nytta for informasjon til brukarane av dei ulike Statsallmenningane.

4. Rekrutteringsarbeid

4.1 Generelt

I den daglege drifta av fjellstyrekontora arbeider dei tilsette i fjellopsynet med tiltak for å rekruttere ungdom til jakt og fiske.

4.2 Fjellhelg for ungdom

I 2018 deltok ein frå Fjellopsynet med å arrangere ei fjellsamling for born og ungdom.

5. Registreringsarbeid

5.1 Registrering av villrein – Rv 7

Tilsette i Fjelloppsynet har arbeid med å halde oversikt over villreinen sine rørsler i høve til Rv 7 i tråd men instruks frå Miljødirektoratet. Arbeidet føregjekk i hovudsak ved visuell observasjonar og radiopeiling frå egna stader i terrenget. ”Dyreposisjonar” frå radiomerka villrein på Hardangervidda er eit viktig hjelpemiddel i arbeidet. Personellet skulle om mogleg hindre villrein å krysse vegen grunna ynskje om å hindra utveksling pga CWD situasjonen. Ein arbeider her etter eigen instruks gjeve av Miljødirektoratet.

5.2 Strukturteljing av villrein

Det vart ikkje gjennomført strukturteljing av rein i 2018. Dette av di ein ynskjer å bruke midlane på ei god teljing i 2019



Strukturteljing går føre seg frå bakken og teleskop er eit naudsynt reiskap. Foto: HF, Harald Andersen

5.3 Registrering av aktivitet på fjellrevhi mm

Det vart gjennomført vinterkontroll og sommarkontroll av hi i same områda som det er foringsautomatar i Eidfjord og Vinje samt i nærliggande hi i Nore og Uvdal.

5.4 Tilsyn med foringsautomatar for fjellrev

Det er halde månadleg tilsyn med foringsautomatar for fjellrev i Vinje og Eidfjord. Det er etterfylt med for og viltkamera på automatane er fylgd opp.

5.5 Vatnprøver

Det er henta vassprøver frå fem lokalitetar. Dette var Svartavasstjørnnet, Svartavatnet, ”Krobbekkk” og Drageidfjorden i Eidfjord. I tillegg har ein utført innhenting av vassprøver i Eidfjord og Nore og Uvdal for NIVA.

5.6 Temperaturloggerar

Det lagt ut og henta inn att temperaturloggerar i utløpet av Bjoreio og Nordmannslågen.

5.7 Rovviltkontaktarbeid

Personell frå fjelloppsynet har utført rovviltkontaktarbeid i Hardanger og i øvre Telemark. Det feltmessige arbeidet har vore skadedokumentasjon på husdyr sommarstid samt kontroll av felte gauper, fangstbåsar og dokumentasjon av spormeldingar vinterstid.



Jerven vitjar våre område frå tid til annan. Her frå sporing i Ullensvang. Foto: HF, Sveinung H. Olsnes.

5.8 Registrering av jerv

Personellet i fjelloppsynet registrerer rutinemessige jervespor i samband med feltaktivitet vinterstid. Sporlogg frå turar og eige registreringsskjema blir oversendt rovviltkoordinator i Sno. Fjelloppsynet bistår og med bakkearbeid under uttak av Jerv. Det vart felt ein jerv på Hardangervidda i 2018.

5.9 Snømålingar

Fjelloppsynet bisto Norges vassdrags- og energidirektorat under snømålingar i april. Arbeidet føregjekk i Odda, Ullensvang, Eidfjord og Nore og Uvdal.

5.10 Oppsetjing av ferdselsteljerar

Fjellopsynet har delteke i arbeidet med oppsetting av ferdselsteljarar i ulike delar av Hardangervidda samt innhenting ved sesongslutt.



Utsetjing av ferdselsteljarar- . Foto: HF, Harald Andersen.

5.11 Databasar for naturfaglege registreringar og registreringar i verneområde.

Innsamla data har m.a. vorte overført til desse databasane:

<http://www.artsdatabanken.no/>

<http://nvs.villrein.no/sett-rein/>

<http://www.rovdata.no/>

<https://feltdagbok.miljodirektoratet.no>

<http://www.nina.no/Forskning/Fjellrev/Avlsprogrammet-for-fjellrev/Tilsynslogg->

6. Skjøtselsarbeid

6.1 Skilting

Det vert rutinemessig ført tilsyn med skilting og informasjonspunkt i tilknytning til Nasjonalparken.

6.2 Renovasjon

Det er frakta ut søppel frå fjellstyrehyttene og det er elles samla saman mindre søppelmengder i stinettet.

6.3 Skjøtselsarbeidet for fjellstyra

For fjellstyra vart det utført transportar, renovasjonsarbeid, vedlikehald på hytter og bygningsarbeid samt internkontroll med brannverntilhøva. Arbeidet er gjort nærare greie for i vedlegg 2.



Fjelloppsynet oppførte nytt tilbygg på Krobu for Eidfjord Fjellstyre. Her nærmar det seg ferdig.. Foto: HF, Harald Andersen

7. Sekretariat

Tilsette i fjelloppsynet har utført sekretærarbeid og stått for dagleg drift av fjellstyrekontor for fylgjande fjellstyre:

- Rauland fjellstyre, Sveinung H. Olsnes
- Røldal Fjellstyre, Sveinung H. Olsnes og Harald Andersen
- Øvre Numedal fjellstyre- Hans- Jørgen Jahren
- Ullensvang fjellstyre og Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning og Odda fjellstyre –Steinar Lund
- Ulvik fjellstyre- Harald N. Andersen

8. Organisasjonen

8.1 Generalforsamling

Hardangervidda Fjelloppsyn er ein del av Fjellstyra på Hardangervidda as. Selskapet er heileigd av Eidfjord fjellstyre, Ulvik fjellstyre, Ullensvang fjellstyre, Odda fjellstyre, Røldal fjellstyre, Rauland fjellstyre, Øvre Numedal fjellstyre og Hardangervidda

Grunneigarsamskipnad. Generalforsamling 2018 vart arrangert 21. juni.

8.2 Styre og Fjelloppsynsutval

Styret var samansett av styreleiarane i fjellstyra på Hardangervidda samt ein representant frå Hardangervidda Grunneigarsamskipnad. Vebjørn Håvardrud har vore styreleiar og Eivind Tokheim nestleiar. Øvrige styremedlemene har vore Marit Jortveit, Torgils Eide, Lars Kristian Eidnes, Knut Sygnestveit, Steinar Langesæter og Torleif Fresvik.

Fjelloppsynsutvalet var sett saman av Vebjørn Håvardrud, Steinar Langesæter, Marit Jortveit og Torgils Eide. Sekretærarbeidet er utført av Sveinung H. Olsnes.

8.3 Tilsette

Det har vore 6 fast tilsette medarbeidarar i 2018 (tabell 4.)

Tabell 4. Tilsette i 2018

Tilsett / kontorstad	Stillingsstorleik
Georg Gjøstein (dagleg leiar) , Voss/Ål	100 % (permisjon fom 1 juli)
Steinar Lund, Kinsarvik	100%
Harald Normann Andersen, Ulvik	70 % (100% frå 1 juli)
Sveinung Hylland Olsnes, Vinje	100 %
Hans- Jørgen Jahren, Rødberg	50 %
Sten-Rune Jensen, Uvdal	15%


Vedlegg 1. Totaloversikt over utført arbeid

Oppdragsgjevar	Timeverk
Fjellstyra	4541
Hardangervidda villreinutval	0
Statens naturoppsyn	2028
Norges vassdrags- og energidirektorat	37,5
Norsk institutt for naturforskning	56,5
Uni Research as	31
NIVA	79
Andre private og offentlege	98,5
SUM	6871,5

Vedlegg 2. Spesifikasjon av arbeid for fjellstyra

Arbeid for Røldal fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 181 timeverk for Røldal fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjør 58 timar.



Figur 2. Antall timeverk som er utført for Røldal fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Sveinung H. Olsnes og Harald N. Andersen

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det er helde oppsyn med fisket i vatna i nærområda til E 134 m.a. Ståvatn, Ulevåvatn samt andre nærliggande områder. Det var noko oppsyn under villreinjakta.


Fjelloppsynet hadde informasjonsarbeid ifbm Monsen på tur samt dreiv informasjonsarbeid to dagar under Røldalsmarknaden.

Brannvernarbeid

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslarar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskrifts messig stand.

Arbeid for Ulvik fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 512 timeverk for Ulvik fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjør 153 timar.



Figur 3. Antall timeverk som er utført for Ulvik fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Harald N. Andersen.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det er utført noko oppsyn med fiske og småviltjakt.

Fjelloppsynet hadde informasjonsarbeid ifbm Monsen på tur samt dreiv informasjonsarbeid to dagar under Røldalsmarknaden.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslarar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskrifts messig stand.

Vedlikehald av hytter m.m.

Det er helde jamnleg tilsyn med Finsebu for å halde snurredoen i funksjon og sjå til at det er nok ved på hytta. Det er sett opp Lavvo ved Langavatnet. Det er bytta kledning på Sankebue i Austdalen.

Transportar


Det er transportert gass, ved og anna utstyr til hyttene.

Renovasjon

Det er frakta ut søppel frå hyttene.

Arbeid for Ullensvang fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 529 timeverk for Ullensvang fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjør 159 timar.



Figur 4 . Antall timeverk som er utført for Ullensvang fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Steinar Lund.

Oppsyns- og informasjonsarbeid m.m.

Under villreinjakt var oppsynspersonell til stades og kontrollerte jegerar i statsallmenningen. Det er drive generelt oppsyn i statsallmenningen.

Fjelloppsynet hadde informasjonsarbeid ifbm Monsen på tur samt dreiv informasjonsarbeid to dagar under Røldalsmarknaden.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslarar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskrifts messig stand.

Vedlikehald av hytter m.m.

Det er oppført ny grunnmur for ny fellesdo på Hansbu. Resten av arbeidet fullførast i 2019.

Transportar


Det er transportert gass, ved og anna utstyr til hyttene.

Renovasjon

Det er frakta ut søppel frå hyttene.

Arbeid for Odda fjellstyre

Hardangervidda Fjellopsyn har utført 283 timeverk for Odda. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjør 82 timar.



Figur 5. Antall timeverk som er utført for Odda fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet for Odda fjellstyre er utført av Steinar Lund.

Oppsyns- og informasjonsarbeid m.m.

Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades og kontrollerte jegerar i statsallmenningen.

Fjellopsynet hadde informasjonsarbeid ifbm Monsen på tur samt dreiv informasjonsarbeid to dagar under Røldalsmarknaden.


Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjellopsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslarar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskrifts messig stand.

Arbeid for Fellesstyret for Ullensvang SA


Hardangervidda Fjellopsyn har utført 278 timeverk for Fellesstyret. Fellesstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjør 69 timar.



Figur 6. Antall timeverk som er utført for Fellesstyret

Arbeid for Øvre Numedal fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 1116 timeverk for Øvre Numedal fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjør 298 timar.



Figur 7. Antall timeverk som er utført for Øvre Numedal fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Hans- Jørgen Jahren.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det er utført oppsyn med fiske i statsallmenningen. Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades i statsallmenningen og kontrollerte jegerar.

Fjelloppsynet hadde informasjonsarbeid ifbm Monsen på tur samt dreiv informasjonsarbeid to dagar under Røldalsmarknaden.

Sekretæren har arbeidd med å arrangere tre jegerkafear, heimeside og Facebook-oppdateringar for fjellstyret.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslarar, eldstader, gasskokeapparat og skilting.

Vedlikehald av hytter m.m.


Sekretær har teke hand om rydding og søppelorganisering og administrert arbeidet med forskjellig vedlikehaldsarbeid.

Transportar

Det er utført transportar til fjellstyrehyttene sommar- og vinterstid. Sekretær har organisert og delteke på noko av transport av ved til hytter og buer.

Arbeid for Rauland fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 142 timeverk for Rauland fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjør 43 timar.



Figur 8. Antall timeverk som er utført for Rauland fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Sveinung H. Olsnes.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det var oppsyn i statsallmenningen under villreinjakta. Det også utført kontroll med småviltjakt.

Fjelloppsynet hadde informasjonsarbeid ifbm Monsen på tur samt dreiv informasjonsarbeid to dagar under Røldalsmarknaden.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.


Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslarar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskrifts messig stand.

Bygningsarbeid på hytter m.m.

Det er utført mindre arbeid med byting av dører og montering av ladepunkt

Arbeid for Eidfjord fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 330 timeverk for Eidfjord fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjør 115 timar.



Figur 9. Antall timeverk som er utført for Eidfjord fjellstyre.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Oppsyn med fiske i Eidfjord statsallmenning har føregått i ulike deler av allmenningen. Dette er m.a. Tinnhølen, Lakjen, Lågen, Kleivshodtjørnane, Bjoreio, Drageidfjord, Svartavatnet og Svartavasstjørnet.

Under villreinjakta vart det helde oppsyn i store deler av statsallmenningen sør for Rv 7.

Fjelloppsynet hadde informasjonsarbeid ifbm Monsen på tur samt dreiv informasjonsarbeid to dagar under Røldalsmarknaden.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde generelt tilsyn med fjellstyrehyttene og gjennomført vinterklargjering av desse. Det sett til at båtane til fjellstyret er lagt opp for vinteren.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslarar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskrifts messig stand.

Vedlikehald og nybygg

Det er utført arbeid med nytt tilbygg på Krobu med skjul og do.

Transportar m.m.

Det er transportert ved, gass og anna forbruksmateriell til hyttene. Sjøppel er transportert ut av fjellet.

Anna

Fjellopsynet har henta vassprøver i Svartavatnet, Svartavasstjørna, Drageifjorden og «Krobu bekk» Uni Resarch as gjev økonomisk stønad til arbeidet. Det er også lagt ut og henta inn temperaturloggar i Nordmannslågen og Bjoreio.

Vedlegg 3. Spesifikasjon av arbeid for Statens naturoppsyn

Tema	Timeverk
Motorferdselkontrollar	354
Tilsyn med villreinen sin ferdsel i høve til Rv 7/ helsetilstand cwd	55,5
Fjellrevarbeid	382,5
Skilting /oppsetting av ferdselsteljerar/byggetilsyn mm.	129,5
Rovviltkontaktarbeid	97,5
Oppsyn under villreinjakta	1009
SUM	2028

Timeverka inkluderer tida til kontorarbeid. Arbeidet er rapportert i egne databasar jfr pkt 5.12.mm.